

Grønelie på Filefjell

Av Trond B. Hamre

Dette gamle bilete av stølen i Grøneli`n, har farta over Atlanteren minst tre gonger. Torstein Nystuen, bror av den legendariske "Basen", budde her i Grøneli`n saman med familien sin i 7 år, før han braut opp og reiste til Amerika i året 1854.

Truleg er bilete teke i 1880-åra, og ein slektning har nok sendt det til Torstein, som eit minne om heimetraktene. Torstein har ei tallrik slekt etter seg i Amerika, og ein av etterkomarane hans har i dag teke vare på dette sjeldsynte fotoet. Det ser ut til at utvandrarane har vore flinkare enn oss til å ta vare på fortida og slektsband.

Bilete fekk me låne å ta kopi av, og i dag er det for lengst attende i Amerika. Sjølve stølshuset er det visst ingen i dag som veit når det vart oppsett. Fjøset derimot vart bygt opp, truleg delvis, av materialar frå den nedrivne Tomaskyrkja i året 1808. Overlevningar fortel at ein del av materialane vart brukt til klopper langs den gamle Bergenske hovudveg, men fjellstovemannen fekk nok sin gode del, som vart brukt her i Grøneli`n.

Sjølve "Legohuset" er det mange av oss som hugsar. Det stod der i alle fall under krigen. Nokon seier at det brann opp sistpå under krigen, utan at eg har fått stadfesta dette nøyare. Fjøset derimot ser ut til å ha blitt borte i ei ganske kort periode etter at dette bilete vart teke.

Endre K. Holien frå Øye (1888-1977) fortalde meg at då han var ungdom, omlag 1906-08, var han med onkelen sin ved Nystova og køyrde bjørkeved frå Grøneli`n og fram til hotellet. Då var fjøset heilt borte. Det einaste som minna om dette byggverket, var små bitar av tjørebredd tømmer som låg spreidd i skogen like inntil.

Endre tok med seg ein av desse bitane heimatt til garden sin i Øye. Der laga han seg ein bryne-butt av stokk-enden. Den var der på garden i mange ti-år, men då me snakka om det var den borte. Det lukta så godt tjøre av den bryne-butten, sa dei som hadde brukt den.

Kva var det så som hende med materialane frå Tomaskyrkja som vart brukt i Grøneli`n?

"Legohuset" som var bygt av vanlege materialar, klarte seg i alle fall til under krigen, medan dei godt tjøre-bredde materialane i fjøset vart borte så fort?

Det er nærliggjande å tru at torvtaket har teke til å svikte og huset kome i forfall. Det er lite truleg at materialane er flytta og brukt på andre plassar, men folk som budde der har kanskje begynt å bruke av tømmeret til ved, og då var nok ikkje vegen lang til total øydeleggjing.

Nystova var på denne tid sentrum for tamreindrifta i øvre Valdres. (Sjå boka: "Tamreindrift og fjellfolk", av Ivar A. Opdal). Kanskje var det reingjetarar som hadde tilhald i Grøneli`n på desse tider.

I dag er det berre litt av tomta som syner att. Godt er det då at nokon tek vare på slike minne som eit foto er, og som gjer at me kan få innsyn i farne tider.